



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

ROGNE BYGG AS
Bygdinvegen 3652
2953 BEITOSTØLEN

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/9069

Arkiv:

29/66, L42

Vår dato:

05.08.2026

Saksnr.	Utval
217/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
193/26	Kommunestyret

Byggeløyve - 29 /66 Rolistølen 20 - Rehabilitering av pipe

Tiltak: Rehabilitering - Pipe
Byggjestad: Gbnr: 29/66 Rolistølen 20
Tiltakshavar: Per Emil Berg
Øyaveien 9a
1900 FETSUND
Ansvarleg søkjar: ROGNE BYGG AS
Bygdinvegen 3652
2953 BEITOSTØLEN

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan, og byggesak, søknad om rehabilitering av pipe på hytta på, gnr. 29, bnr. 66 Rolistølen 20.

Løyve er gjort på bakgrunn av søknad datert 30.07.2026 med vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggeplassen skal leverast til godkjent mottak.

Saksopplysningar

Rogne Bygg AS, har på vegen Per Emil Berg søkt om løyve til rehabilitering av pipe på hytta på Rolistølen 20.

Pipa skal rehabiliterast ved å montere innvendig stålrør, for å sikre tilfredsstillande brannsikkerheit og funksjon knytt til eldstaden.

Sentralbord:	Dir. telefon:	Org.nr:	E-mail:	Heimeside:
61 35 25 00	46805278	961382068	frank.skoglund@oystre-slidre.kommune.no	www.oystre-slidre.kommune.no

Vurdering

Rehabilitering av pipe er eit vedlikehaldsarbeid som sett krav til ansvarleg føretak etter plan- og bygningslova § 20-3.

Rogne Bygg AS har erklært ansvarsrett for prosjektering og utføring av for tiltaket i erklæring datert 30.07.2026. Føretaket har sentral godkjenning.

Det er ikkje sendt nabovarsel på tiltaket ettersom rehabilitering ikkje vil råke naboar eller gjenbuarar. Etter plan- og bygningslova § 21-3 kan nabovarsling unnlatast når arbeidet i liten grad råka naboar eller gjenbuarar.

Kommunen har ingen merknadar til søknaden.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl.	Journaldato
Rogne Bygg AS 976 135 253	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	30.07.2026	1	30.07.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert journaldato 30.07.2026.

Gebyr

For handsaming av byggeløyve er det eit gebyr på kr. 4 966 jf. kommunens betalingssatsar § 3.1.7.1 pbl.§§20-1, 20-2, 20-3 -Bygningstekniske installasjonar, piper, eldstader

<https://www.oystre-slidre.kommune.no/f/p1/i74dc1b64-d73f-4f4b-b793-317b2f01e69c/byggesaker.pdf>

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandlar bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar
Per Emil Berg

Bygdinvegen 3652

2953

BEITOSTØLEN